



Lars-Henrik Paarup Michelsen
Norsk klimastiftelse

Dato: 09.01.2015
Vår ref.: 2014/24656-38
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

KLIMAPLAN HORDALAND - TILSEGN OM TILSKOT INNTIL KR 200 000 TIL KLIMAPARTNAR

Viser til handlingsprogram 2015 for Klimaplan Hordaland. Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 200 000 til prosjektet Klimapartner Hordaland. Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing Klimaplan for Hordaland.

Tilsegna gjeld til 31.12.2015.

Vilkår for tilskotet

- Tilsegns-mottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med prosjektplan. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Tilsegns-mottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegns-mottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

- Tilsegns-mottakar skal rapportere årleg til fylkeskommunen, evt ved avslutting av prosjektet.
- *Rapporten* skal seie noko om:

- | | |
|------------------------------|---|
| ◇ Bakgrunn for prosjektet | ◇ Oppsummering av prosjektarbeidet |
| ◇ Mål med prosjektet | (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, |
| ◇ Oppnådde resultat | ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.) |
| ◇ Vurdering mot oppsette mål | ◇ Eventuell vidareføring av prosjektet |

Utbetaling

- Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke. Tilsegns-mottakar skal sende rapport med rekneskap til fylkeskommunen årleg, evt ved prosjektslutt.
- Revisor skal attestere rekneskapen for tilsegn frå og med kr 100 000,-.

Kontroll

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Tale Halsør, tlf 55 37 80 11.

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Anne-Grethe Stenhjem